



## Rapport etter kartleggingstilsyn med familievernkontora i Vestland i 2020

### 1. Tilsynets tema og gjennomføring av tilsynet

Fylkesmannen har gjennom eit kartleggingstilsyn hausten 2020 undersøkt tilgjengelegheit og tenestetilbodet ved familievernkontora under covid-19 pandemien. Bakgrunn for val av tema er bekymring for at mange barn og familiar ikkje får det tilbodet dei treng og har rett på under koronapandemien.

Tilsynet er gjennomført ved spørjeskjema til leiarane ved kontora. Konklusjonen i rapporten er ein oppsummering av svara frå leiarane, og vår vurdering. Rapporten seier ikkje noko om verksemda til familievernkontora på andre område enn dei som er undersøkt.

### 2. Regelverk

Familievernet er ein spesialteneste som har familierelaterte problem som sitt fagfelt, jf. familievernkontorlova § 1. Dei skal gje tilbod om behandling og rådgjeving der det føreligg vanskar, konflikhtar eller kriser i familien. Familievernkontora skal foreta mekling etter ekteskapslova § 26, jf. barnelova §§ 51-54. Dei tilsette ved familievernkontoret har plikt etter familievernkontorlova § 10 til å gje opplysningar til barnevernet på eiga tiltak der dei er alvorleg bekymra for eit barns omsorgssituasjon. Fagpersonell ved familievernkontoret skal òg vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) bestemte 13.03.2020 at alle familievernkontor skulle stengast, då dei ikkje vart sett på som kritiske samfunnsfunksjonar som måtte halde ope. Frå 16. mars oppretta Bufdir ein nasjonal rettleiingstelefon for foreldre som opplevde det kritisk å ikkje få bestilt eller gjennomført mekling i stengingsperioden. Telefonen var betent på kvardagar. Den 25.03.2020 bestemte Bufdir at kontora igjen kunne vere opne og tilgjengelege, i første omgang primært via telefon for å



tilby familiar hjelp og bistand. Alle sentralborda skulle frå denne datoen vere opne. Det vart også opna opp for fritak frå plikta til å møte til mekling. Frå den 16.04.2020 bestemte Bufdir at familievernkontora skulle vere opne for fysisk oppmøte, samtidig som tilbodet om telefonkonsultasjon skulle oppretthaldast og kontora kunne også tilby videokonsultasjonar. Bufdir utarbeidde 15.05.2020 *Rutiner for smittevern covid-19 for familievernet*.

Fylkesmannen skal etter familievernkontorlova § 3 føre tilsyn med at familievernkontora følgjer regelverket, og vi skal følgje opp eventuelle brot på regelverket. Tilsynet gjeld verksemda og systemet, ikkje enkeltpersonars arbeid. Det skal gjennomførast tilsynsbesøk ved kvart familiekontor så ofte som nødvendig, men minimum kvart tredje år. Tilsynet skal rettast mot sentrale og prioriterte område med høg risiko for svikt.

### 3. Tilgjengelegheit og tenestetilbodet under pandemien

#### 3.1 Familievernkontora i Vestland

Det er fire familievernkontor, fordelt på ni kontorstader: Bergen og omland familiekontor (Bergen, Odda og Stord), Bjørgvin familiekontor (Bergen), Nordfjord familiekontor (Nordfjordeid) og Familiekontora for Sunnfjord og Sogn (Førde og Sogndal). To av kontora er statlege, medan to av kontora er eigd av kyrkjeleg stifting. Bergen og omland familiekontor og Familiekontora for Sunnfjord og Sogn er statlege, Bjørgvin familiekontor er eigd av ein kyrkjeleg stifting og Nordfjord familiekontor er ei eiga stifting. Kontora har frå 5 til 32 tilsette. Dei gjev tilbod om mekling, rettleiing til familiar, samtalegrupper og ulike kurstillbod.

#### 3.2 Tilgjengelegheit

Alle familievernkontora stengte 13. mars 2020, samtidig som dei la til rette for kontakt med terapeutar via telefon. Det har vore tett dialog med regionleiinga i Bufetat.

Bergen og omland familiekontor	13. mars – 17. april: stengt kontor. 20. april – 2. juni: delvis opne kontor. Frå 2. juni: normal opningstid ved kontoret. Frå 6. november: redusert oppmøtetimar, og auka bruk av telefon/Teams-konsultasjonar (jf. smittesituasjonen i Bergen).
Bjørgvin familiekontor	13. mars – 16. april: stengt kontor. Frå 20. april: gradvis gjenopning av kontoret, moglegheit for videokonsultasjon. Tilsette veksla mellom oppmøte på kontoret og videokonsultasjon frå heimekontor. Frå juni: alle tilsette fast oppmøte på kontoret. Frå sommaren: tilnærma normal drift ved kontoret.
Nordfjord familiekontor	13.-26. mars: stengt kontor. Frå 24. mars: første telefonkonsultasjon. 26. mars – 20. april: delvis opna kontor. Frå 20. april: normal drift ved kontoret.




Familiekontora for  
Sunnfjord og Sogn

13.-26. mars: stengt kontor.  
26. mars til 17. april: redusert opningstid ved kontoret.  
Frå 20. april: normal drift ved kontoret.

### 3.3 Korleis pandemien har påverka innhaldet i tilbodet ved familievernkontoret

\*Det er 4 respondentar. Svar frå eit familievernkontor = 25 %, 2 = 50 % osv.


Ingen endring I liten grad I noko grad I stor grad



### 3.4 Henvendingar til familievernkontora

\*Det er 4 respondentar. Svar frå eit familievernkontor = 25 %, 2 = 50 % osv.

Fleire Ingen endring Færre





### 3.5 Bekymringsmeldingar til barnevernet

Björgvin familiekontor har svara at dei har sendt færre bekymringsmeldingar, medan dei andre kontora svarar at tal bekymringsmeldingar til barnevernet er uendra under pandemien samanlikna med normalt (2019).

### 3.6 Tiltak kontora har sett i verk for å sikre hjelp

Bergen og omland familiekontor	<ul style="list-style-type: none"><li>• Terapeutar tilgjengeleg på telefon og etter kvart på Teams.</li><li>• I periodar med høg smitte i Bergen, auka bruk av konsultasjon via telefon og Teams, der mekling og nye saker blei prioritert.</li><li>• Prioritert oppmøte i saker som har blitt vurdert å være kritiske.</li><li>• Mange henvendingar sendt vidare til eksterne meklarar.</li><li>• Vore tydlege på kven som kan krevje mekling, jf. forskrifta.</li></ul>
Björgvin familiekontor	<ul style="list-style-type: none"><li>• Terapeutane har ringt og sendt sms til alle klientane sine.</li><li>• Alternativ organisering av drifta – veksling mellom oppmøte på kontoret og videokonsultasjonar frå heimekontor.</li><li>• Telefon- og videokonsultasjon som alternativ til fysisk oppmøte.</li><li>• Har prioritert konsultasjonar til nye henvendingar og dei familiare som er i krevjande fasar.</li><li>• Informasjon og rettleiing til publikum via media, samt forelesing på Litteraturhuset og bibliotek.</li></ul>
Nordfjord familiekontor	<ul style="list-style-type: none"><li>• Telefonen betent kl 8.30-15.30 kvar dag. To telefon-sløyfer: ein til kontoret v/ leiar og sekretær, og ein direkte til terapeutane.</li><li>• Samtalar via telefon, Teams og fysisk oppmøte. Fysisk oppmøte hovudregel etter 16. april.</li><li>• Utvida ventearealet.</li><li>• Timeavtalar med ulike oppmøtetidspunkt.</li><li>• Har ringt alle par som fekk meklingsattest ved skriftleg handsaming, med tilbod om vidare meklingstimar med fysisk oppmøte.</li></ul>
Familiekontora for Sunnfjord og Sogn	<ul style="list-style-type: none"><li>• Mekling i hastesaker ved fysisk oppmøte også i tida 13.-26. mars, rettleiing via telefon for andre henvendingar.</li><li>• Har prioritert alle saker der barn er involvert.</li><li>• Tilbyr framleis telefonkonsultasjon i kliniske saker.</li></ul>

## 4. Oppsummering og vurdering

I tida 26. mars til juni 2020 har det variert i kor stor grad kontora har vore opne for fysisk oppmøte. Tilbodet i Bergensområdet og sør i fylket har hatt redusert tilgjengelegheit på kontora fram til juni. Samtidig har alle kontora gjeve tilbod om telefon- og videokonsultasjon som alternativ til fysisk oppmøte, også i tida då kontora var heilt stengt.



Pandemien har i stor grad påverka kurstilbodet ved familievernkontora. Mekling og rettleiing ved fysisk oppmøte, og moglegheita til raskt å gje tilbod om hjelp, og rettleiing ved telefon- eller videokonsultasjon er også påverka i nokon eller stor grad av pandemien. Samtidig melder kontora at pandemien ikkje har eller i liten grad har påverka tilbod om mekling eller rettleiing ved telefon- eller videokonsultasjon. Det varierer mellom kontora om dei har hatt fleire, færre eller ingen endring i tal henvendingar frå foreldre og andre tenester.

Ved gjennomgang og vurdering av dei mottekne opplysningane frå familievernkontora, finn vi ingen haldepunkt for at den praksisen som familievernkontora har, er i strid med gjeldande regelverk. Etter vår vurdering har familievernkontora når dei har vore heilt eller delvis stengt for fysisk oppmøte, sett i verk tiltak for å sikre at dei som treng det kunne få kontakt med og hjelp frå familievernkontora. Vi vil likevel peike på at det er sårbart at det gjekk lang tid før Bergen familievernkontor og Bjørgvin familievernkontor var tilbake til normal opningstid. Vi legg til grunn at leiinga ved familievernkontora gjer ei vurdering av om redusert opningstid kan verke inn på moglegheita deira til å gje nødvendig hjelp til familiar, og tek dette med seg i planlegging med tanke på at det også framover kan kome periodar med høg smitte.

Det er ikkje grunn til vidare oppfølging frå vår side no. Tilsynet er avslutta.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonsleiar

Gunn Randi Bjørnevoll  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Barne-, ungdoms- og familieetaten region Vest  
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

**Mottakerliste:**

Nordfjord familievernkontor	Lotevegen 23	6770	NORDFJORDEID
Bergen og omland familiekontor	Bjørnsgate 1	5008	BERGEN
Bjørgvin familiekontor	Slottsgatan 3	5003	BERGEN
Familiekontora for Sunnfjord og Sogn	Storehagen 1 B	6800	FØRDE
Familiekontoret på Stord	Postboks 70	5401	STORD
Odda familievernkontor	Almerket 30	5750	ODDA